

Forslag til lokal forskrift – permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Volda kommune

Heimel: Vert fastsett i kommunestyret i Volda kommune 20.06.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), § 2-2, fjerde ledd

§ 1 Formål og virkeområde

Elevar har plikt til grunnskuleopplæring frå året dei fyller seks år, til dei har avslutta 10. årssteg. Kommunen kan gi ein elev permisjon frå opplæringa dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Det er skulen, ved dei som har fått mynde, som skal vurdere og avgjere om permisjon er forsvarleg.

Denne forskrifta gjeld elevar som får opplæring i kommunen sine offentlege grunnskular.

Formålet med forskrifta er å seie når, og i kva omfang, elevar kan få permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa.

§ 2 Omfang av permisjon frå pliktig opplæring

Skulen kan gi permisjon frå pliktig opplæring i inntil 10 dagar pr skuleår for kvar elev.

§ 3 Mynde til å gi permisjon

Kontaktlærer kan gi permisjon i inntil 3 dagar pr skuleår. Rektor kan gi permisjon i inntil 10 dagar pr skuleår. Tal permisjonsdagar skal ikkje overstige 10 dagar i løpet av skuleåret.

§ 4 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 01.08.2024

